

# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Vossestølen Hotell, Voss - Oppheim  
**Dato:** 24.03.2014  
**Tidspunkt:** 13:00 – 16:15

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjølmeseter	Medlem	SFFK
Marta Finden Halset	Leder	VIK
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Hans Erik Ringkjøb	NESTL	VOSS
Knut Moe	MEDL	MODA
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA

## Merknadar

Karen Marie Hjølmeseter deltok i møte frå og med sak 9/14.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

## Andre:

Kristoffer Ullern Hansen      SNO, Aurland  
Nils Kvamme                      Naturoppsyn, Stølsheimen  
Karen Weichert                  Adm. Vik kommune

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhold	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 6/14	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 7/14	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 8/14	Dispensasjon til kjentmannskøyring i Stølsheimen landskapsvernområde for Hordaland Røde Kors Hjelpekorps, område 4		2013/5418
ST 9/14	Stølsheimen landskapsvernområde - fordeling av tiltaksmidler 2014		2014/1224
DS 1/14	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til bruk av snøskuter til materialtransport til Holmavatnet i Sendedalen		2014/757
DS 2/14	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til snøskutertransport til stølen Rappen for Sjur Vikøren		2014/952
RS 2/14	Rapportering nasjonalpark- og verneområdestyre 2013		2014/18
RS 3/14	Piloter for implementering av besøksforvaltning i Norges nasjonalparker		2013/3026
RS 4/14	Stølsheimen landskapsvernområde - rundskriv om forvaltning av verneforskrifter		2014/1137
Framlegg til forvaltningsplan	Gjennomgang av framlegg til forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde.		

### Gjennomgang av framlegg til forvaltningsplan for Stølsheimen

Forvaltar presenterte framlegget. Styret støtta framlegget til struktur for planen. Styret kom med innspel til innhaldet, innspela er lagt inn i planen. Styret har tidlegare vedtatt at planen skal vera ferdig innan februar 2015. Styret retta dette til at planframlegget skal sendast på høyring innan februar 2015. Framdriftsplan for arbeidet er at forvaltar legg planen fram for styret til fyrste godkjenning i haust.

### Neste møte i verneområdestyret

Neste møte vert fastsett etter behov. Leiar og forvaltar finn ny dato og møtestad.

### ST 6/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 24.03.2014

### Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **ST 7/14 Underskrift av protokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 24.03.2014**

#### **Vedtak**

Protokoll for styremøte 08.01.14 og 12.02.14 vart underskrive.

## **ST 8/14 Dispensasjon til kjentmannskøyring i Stølsheimen landskapsvernområde for Hordaland Røde Kors Hjelpekorps, område 4**

### **Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 24.03.2014**

#### **Handsaming i møte**

I saksinnstillinga var det skrive feil dato for løyvet. Rett dato skal vera fredag 11. april og ikkje fredag 12. april. Dette vart retta opp i vedtaket.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar med retting av dato.

#### **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre gjev Hordaland Kors Hjelpekorps, område 4 løyve til:

- 1 kjentmannstur med inntil ti snøskuterar innan for landskapsvernområdet på ruta frå Rv. 13 – Sendedalen – Kvanndalsskardet – Selhamar – Åsedalen – Solrenningane. Ruta er den same som vert kvista i regi av Bergen Turlag.
- Køyning kan gjennomførast i perioden 28.mars til og med fredag 11.april 2014.

Løyve er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, og med fylgjande vilkår:

- Omfanget av snøskuterkøyning skal avgrensast til ruta som er skissert, og til det som er strengt naudsynt.
- Under køyning skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Seinast 12 timar før kjøringa startar, skal redningstjenesta senda melding om køyninga (køyreordre) til lokal redningssentral jf. retningslinjer for kjentmannskøyning i verneområde. Redningssentralen informerer forvaltninga og Statens naturoppsyn om øvinga.
- Hordaland Røde Kors Hjelpekorps skal gje melding til Kristoffer Ullern Hansen på e-post [kristoffer.ullern.hansen@miljodir.no](mailto:kristoffer.ullern.hansen@miljodir.no) eller mob. 97097720 eller naturoppsyn Nils Kvamme mob. 95730615 om køyninga seinast dagen før. Dei vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane, og om naudsynt utsette køyninga av omsyn til villrein.
- Kopi av dispensasjonen skal fylgje med kvar snøskuter som deltek i køyninga, og leggjast fram ved kontroll.
- Innan 1. juni skal det sendast rapport til Stølsheimen verneområdestyre om omfanget av turane med dato, tal snøskuterar og køyrouterute. Forvaltninga ber om at evt. observasjonar av villrein vert teke med i rapporten.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er handsama etter verneforskrifta, og at det i tillegg må innhentast samtykke frå grunneigarar.

## ST 9/14 Stølsheimen landskapsvernområde - fordeling av tiltaksmidler 2014

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 24.03.2014

#### Handsaming i møte

Forvaltar la fram framlegg til fordeling av tiltaksmidler i møtet. Stølsheimen landskapsvernområde har fått tildelt kr. 270 000 i tiltaksmidler. Framlegg til vedtak: Fordeling av tiltaksmidler er godkjent slik det vart lagt fram i møte. Forvaltar kan føreta mindre justeringar av tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak.

#### Vedtak

Fordeling av tiltaksmidler er godkjent slik det vart lagt fram i møte. Forvaltar kan føreta mindre justeringar av tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak.

Verneområdenavn	Kort beskrivelse av tiltak	Gjennomføringsperiode	Kostnads-overslag	Fordeling av tiltaksmidler
Stølsheimen landskapsvernområde	Skjøtsel av stølane prioriterte stølar og stølsvegar	2014 - 2015	60 000	50 000
Stølsheimen landskapsvernområde	Vidareføring tilrettelegging av stien til Solrenningane	2014 - 2015	200 000	200 000
Stølsheimen landskapsvernområde	Stølshus som del av stølsmiljø	2014 - 2015	40 000	0
Stølsheimen landskapsvernområde	Kart og informasjon innfallsportar	2014 - 2015	20 000	10 000
Stølsheimen landskapsvernområde	Tenestekjøp SNO	2014 - 2015	250 000	0
Stølsheimen landskapsvernområde	MONA-registrering av stølsvegar	2014 - 2015	50 000	10 000
			620 000	270 000

**DS 1/14 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til bruk av snøskuter til materialtransport til Holmavatnet i Sendedalen**

**DS 2/14 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til snøskutertransport til stølen Rappen for Sjur Vikøren**

**RS 2/14 Rapportering nasjonalpark- og verneområdestyre 2013**

**RS 3/14 Piloter for implementering av besøksforvaltning i Norges nasjonalparker**

**RS 4/14 Stølsheimen landskapsvernområde - rundskriv om forvaltning av verneforskrifter**